

BOKN BYGDABLAD

Nr 3 - 1. april 2003 - Årg. 18



BOKN Bygdablad

www.bygdabladet.no - s. 3

Bygdeblad for Bokn, tirsdag 25. mars 2003

Tips oss!

Hovudsida

NYTT

- [Kommuneinfo](#)
- [Kultur](#)
- [Næringsliv](#)
- [Politikk](#)
- [Sport](#)

Finn nyhet:

SØK

AKTUELT

- [Kjære lesar!](#)
- [Kulturkalenderen](#)
- [Ordet fritt](#)
- [Bilder](#)

BOKN

BYGDABLAD

- [Annonsera?](#)
- [Bygdabladnemnd](#)

Ikkje storsalg av rusbrus i Bokn

Frå januar i år kom rusbrusen i butikkane. I dei to butikkane på Bokn rusbrusen i slutten av januar.

[LES MEIR](#) • [Næringsliv](#) (20.03.03)



Fortsatt nærbutikk i Alvestadkroken

Då Per Våge overtok Alvestadkroken Landhandel i Bokn 1. mars i år sikra han vidare drift av den populære nærbutikken.

[LES MEIR](#) • [Kultur](#) (19.03.03)



Vinterrideleir på Håland hos Laila og Andreas Nemeth

Det snakkes om ungdom som er tiltaksløs og ikke kan finne på noe selv, men det må være på større plasser, det.

[LES MEIR](#) • [Sport](#) (13.03.03)



MEININGSMÅLING

Kva synest du om nettutgåva av Bokn Bygdablad?

- ☐ Kjempebra!
- ☐ Bra
- ☐ OK
- ☐ Dårlig

Stem

Antall svar hittil: 24
Bra: 4.17%
Dårlig: 4.17%
Kjempebra!: 91.67%

Med 35 års erfaring
bygger vi for deg og fremtiden!
**BYGGEFIRMA
TUNGE A/S
MESTERNUS**



Korpskonsert - s. 4



Skulenedlegging - s. 9




Nyopning - siste side



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Hei

Krigen i Irak opptar vel alle og det er beklageleg at dei ikkje blei einige i FN om korleis ein skal få Saddam Hussein under kontroll og opprette levelige vilkår for folket i Irak. Får håpe at krigen blir kort uten for store menneskelige lidningar.

Me må vere glade for at me lever i ein så fredelig del av verda og har det så godt som me har det.

Folketalet

Så over til lokale forhold på Bokn som er av ein heilt annen karakter enn dei problema ein har i Irak.

Folketalet på Bokn har stagnert etter ein tilbakegang i 2001 og er pr. 01.01.03 på 765 stk. Utviklinga framover ser positiv ut med fleire fødsjar og 11 hus som skal byggast, noko som er meir enn på lenge. Der er og folk innom kommunen som har Bokn som alternativ for etablering.

Markedsføring av Bokn som alternativ for etablering må fortsette, forholda må leggest godt til rette for fleire arbeidsplassar på Bokn eller i nærleiken og dei



Mykje bygging i år.

kommunale tilbuda må vere gode.

Det er og svært viktig at alle som kan bidrar til at arbeidsplassar kan utviklast og at nye boknerar føler seg heime og trivst på Bokn.

Straumen

Torsdag 27. mars skal Kommunestyret behandla reguleringsplan for bustadfelt i Straumen. Dette har lenge vore på tale. Nå er det endelig på plass og det er berre å håpe at det blir utbygging av nokre tomter, slik at Straumen igjen kan få eit miljø for yngre familiar.

Medspelarar

Me opplever ofte at Fylkesmannen og Fylkeskommunen ikkje er medspelarar for å få den utviklinga me vil ha på Bokn. Dette har me tatt opp med Fylkesmannen, som eg har nemnt i tidlegare nummer av Bygdabladet.

Nå står Fylkeskommunen for tur og ordførar og rådmann skal ha møte med næringsavdelinga for å drøfte korleis Bokn si rolle blir i Fylkeskommunen sitt utviklingsprogram. Bokn er frå 1998 ikkje med i det distriktspolitiske verkemiddelapparatet og Bokn har høgaste sats for arbeidsgjevaravgift. Det betyr at me ikkje får støtte og hjelp frå stat eller fylke til utviklingsarbeidet vårt.

Fylkeskommunane har nå fått meir ansvar for lokal utvikling og har som hovudarbeidsområde å vere ein regional utviklingsaktør. Det blir derfor svært viktig at Bokn blir ein del av Rogaland Fylkeskommune sitt utviklingsprogram, slik at me kan få hjelp til arbeidet vårt og næringslivet kan nytta seg av ordningar som finst.

Svein Ove

Ap stiller ikkje ordførarkandidat

- to kandidatar til valet -

Jardar Havikbotn

Etter at alle dei politiske partia i Bokn har hatt sine nominasjonsmøte er det klart at Ap likevel ikkje stiller med kandidat til direkte ordførarval. Dermed blir Sp's Kleng Våga den einaste konkurrenten til den sittande ordføraren frå H, Svein Ove Alvestad.



Ryktene ville ha det til at Ap's listetopp, Birger Lindanger (bildet), ville vera partiet sin ordførarkandidat, men han får ikkje eit eventuelt ordførarverv til å gå saman med alle prosjekta sine. Den travle histo-

rikaren er leiar for "Landslaget for lokalhistorie". Det har ikkje mindre enn 82.000 medlemmer, fordelte på 440 medlemslag. Birger har vore leiar i to år og er innstilt for to nye. I tillegg avsluttar han i desse dagar gardssoga for Time kommune, skriv kulturhistorie for Rennesøy kommune, og Kvitsøy kommune er interessert at han byrjar på deira Gards- og ættesoge til hausten. - Varaordførarvervet eg hadde då eg heldt på med Gards- og ættesoga for Bokn tok svært mykje tid og førte til at bygdebokarbeidet blei forsinka, smiler forfattaren. Akkurat det hugsar me svært godt.

Dei fire listene

Ferske endringar i vallova fortel at det skal vera minimum sju namn på desse listene. Partia i Bokn har så blitt samde om eit tak på 15. Problema med å få folk til å stilla på lister er ikkje noko nytt, og denne gongen har dette vore ei stor utfordring for enkelte parti. Det er helst dei eldste personane på listene som har tenkt seg godt om, dei med mest erfaring, dei som veit best kva dei går til.

Politiske verv inneber svært mykje arbeid, i alle fall for dei som vil fylgja skikkeleg opp den oppgåva dei har fått. Fleire opplever det lite meningsfullt å vera lokalpolitikar i dag p.g.a. at mykje er svært sentralstyrt. Med kutt her og kutt der blir kommunane sveltefora og lokaldemokratiet svekka. Dette er ei utfordring for

samfunnet å ta fatt i.

Det kjende politikarparet Sigrunn H. og Arne Hosaas er ikkje å finna på listene ved kommande val. Dei trekker seg tilbake etter lang fartstid i kommune-politikken. Det same gjer Johannes Nilssen.

Med atterhald om godkjenning i Kommunestyret har Bygdabladet fått lov til å offentliggjera listene. Fristen har ikkje gått ut i skrivande stund, og det kan bli endringar i rekkefølge i nokre av listene.

Bokn Ap si liste

1. Birger Lindanger
2. Marie Faye
3. Harry Bokneberg
4. Leif Folke Kjellesvik
5. Laila Nemeth
6. Gunnar Solberg
7. Bjørn Eirik Gundersen
8. Fredrik Faye
9. Kyrre Lindanger
10. Marie Thuestad
11. Helge Solberg

Bokn Høyre si liste

1. Svein Ove Alvestad
2. Ann Elisabeth Strand
3. Gunnar Bokneberg
4. Per Helge Sunde
5. Hilde Louise S. Tjøsvold
6. Helge Kristian Nilssen
7. Ann Jeanette S. Olausen
8. Leif G. Hansen
9. Helga Alvestad
10. Jostein Larsen
11. Glenn Espeland
12. June Susanne Grønnestad
13. Arvid Mæland
14. Linda Kro
15. Lars Norekvål

Bokn KrF si liste

1. Sigurd Johnny Svendsen
2. Sigmund Alvestad
3. Gunvor Øvrebø
4. Ingrid Blikshavn
5. Harry Vågshaug
6. Torstein Alvestad
7. Sigleiv Våga
8. Reidar Øvrebø
9. Hanna Alvestad
10. Anne Marie Bokneberg

Bokn Sp si liste

1. Kleng Våga
2. Merete Alvestad
3. Ottar Borgenvik
4. Kristi Laupland
5. Osmund Våga
6. Eivind Eikje
7. Terje Øvrebø
8. Lillian Grønnestad
9. Annbjørn Bokneberg
10. Erik Øvrebø
11. June Kro
12. Finn Alvestad
13. Gustav Solberg
14. Wenche Havikbotn
15. Åse Bratthammer

www.bygdabladet.no

Det er ei glede å opna nettutgåva av Bokn Bygdablad 1. april 2003, og det er ingen aprilspøk!

Me skal gjera vårt beste for at du skal bli nøgd med websida, og vil gjerne ha deg med på laget når me skal skapa eit bra produkt. Bruk gjerne skjemaet under Ris & ros nederst i venstremenyen og

send oss ein e-post. Du kan også stemma på meningsmålinga øverst til høgre.

Nettutgåva er eit supplement til papirutgåva, og det som blir presentert på nettet er deler av innhaldet av bladet som du nå held i hendene dine. Den største forskjellen er bruken av bilder i artiklane samt annonsesidene.

Nye sider framover

Førebels kan lesarane annonsera med hjelp av banner, men me vil også vurdere ein markeds plass med kjøp og sal. Ei bibliotekside er også naturleg i tillegg til ei gratulasjonsside. Kanskje du har forslag til nye sider? Me håpar du vil kosa deg med nettutgåva!

- redaktøren -

Søndagskonsert

Annette Bokneberg

Søndag 23. mars var det klart for den årlege konserten til Bokn Musikkorps. Vel 90 store og små hadde tatt turen til skulen denne ettermiddagen.

er Oddrun H. Nilssen som er dirigent for aspirantane.

Juniorkorpset framførte denne gongen fem flotte nummer.



Juniorkorpset tel i dag 19 medlemmar, og ein håpar på endå fleire aspirantar frå hausten.

Tilslutt var det vaksenkorpset sin tur igjen, med fem nummer.

Dirigent for dei vaksne har etter jul vore

Det var vaksenkorpset som starta. Dei hadde fire nummer den første økta. Det var så tid for kaffi, brus og heimebakt. Drøs vart det også god tid til.

Etter pausen var det aspirantane sin tur. Dei er berre tre musikantar og starta i haust med øvingar.



Foto: JH

Øverst vaksenkorpset med dirigent Andreas Ulveraker. I midten juniorkorpset med Lillian Grønnestad som dirigent.

Andreas Ulveraker. Han fekk overrakt gåve som stor takk for samarbeidet. No er Jardar tilbake med "dirigentspinnen" igjen.


Takk for ein fin og musikalsk ettermiddag!



Foto: JH

Flinke aspirantar, fv. Celina Bokneberg, Øyvind J. Ognøy og Benedicte Mæland.

Dei hadde ei flott framføring åleine og siste songen hadde dei saman med juniorkorpset. Det





Nestleieren i Sp sitt sentralstyre, Liv Signe Navarsete, festar merket på Sigvart Våga, ein gullkanta grøn kløver på gull.

Foto: Sigrunn Hole Hosaas

Heider til Sigvart Våga

Jardar Havikbotn

På Senterpartiet sitt fylkesårsmøte 22. februar blei Sigvart Våga tildelt heidersmerke for lang og tru teneste i politikken.

- Eg hadde mistanke om at det var noko sidan eg blei skriftleg invitert som heidersgjest, fortel Sigvart til Bygdabladet.

Det var midt i det tettepakka programmet på fylkesårsmøtet at den tidlegare ordføraren i Bokn fekk prisen, som saman med blomarbestod av eit merke og ein diplom. På diplommet stod det: "For langvarig og særlig fortjensfullt virke i Senterpartiet". Det er Fylkesstyret som innstiller for Sentralstyret kven dei vil skal få prisen.

Lang merittliste

Sigvart blei første gong valgt inn i Kommunestyret i 1959. Då han gjekk ut av politikken i 1995 hadde han tilsaman 24 år bak seg i Kommunestyret. 16 av dei sat han i Formannskapet. Han var ordførar i fire år, 1970, 1971, 1978 og 1979.

Sigvart hadde alltid eit sentralt verv då han var politiskar. Han var varaordførar i åtte år, skulestyreformann i åtte år, jordstyre/landbruksnemndformann i åtte år, bygningsrådsformann i åtte år, forliksrådsformann i åtte år og soknerådsformann i åtte år.

Bokn Bygdablad gratulerer med prisen!

Avslutningsmarkering av Austre Bokn Handelslag

Tekst: May Jorunn Vatnaland - foto: Louis Medhaug

Austre Bokn Handelslag er historie. Laurdag 22. mars markerte medlemmene avslutninga.

Alle medlemmene var inviterte og ca. 45 møtte fram. Det blei servert gryterett, kaffi, kaker og underhaldning. Trond Nedrebø var leiar av festkomiteen og leia kvelden.

Kjell Kro fortalte frå Handelslaget si historie frå byggestart og fram til nyare tid. Det var og song av "songtrioen" og seinare av Kjell Kro.


Alle som hadde hatt formannsvervet fekk overreikt flotte blommar. Her var og gåveoverrekking til Eivind Øvrebø som hadde vore styrrar frå 1973-2003, og til Ingunn Våga som hadde vore tilsett frå 1975-2003.

Bernhard Våge var formann i avviklingsstyret og overrekte gåver og blommar til Eivind og Ingunn.

Til høgre: Kjell Kro får overreikt flott blomst av T. Nedrebø.



Tidlegare formenn i handelslagsstyret, fv. Kjell Kro, Sigvart Våga, Bernhard Våge, Reidar Øvrebø, Ernst Øvrebø, Trond Nedrebø, Solveig Kro for Finn Kro og Arne Våge.



Full rulle ved Bokn Plast

Reidar Alvestad

Venter med ny hall


For ett år siden var Bokn Plast i full gang med å planlegge en ny stor produksjonshall på det nye industriområdet de har under ferdigstilling et lite stykke sør for Føresvik og nåværende fabrikkområde. Hallen ville bli 20x24 meter med rundt 17 meters høyde. Startskuddet for å sette opp bygget dro ut fordi bedriften ventet på nye oppdrag som de hadde levert inn anbud på. Dette tok lengre tid enn de hadde forventet, og da oppdragene først kom inn, var de så mange og omfattende at arbeidet med ny hall måtte utsettes til seinere. Tidspresset for å få ferdig oppdragene de nå har inne er kollosalt, men daglig leder Helge Rasmussen sier til Bygdabladet at de forventer å være ferdige med de store arbeidene i slutten av juli i år.

med tanke på framtida. Bokn Plast har mange prosjekt inne allerede, og håper på flere i tida som kommer. De har nå anbud inne på Kristin-feltet og Snøhvit, men dette ligger noe fram i tid.

Mange søkere til stillinger

I dag er en del av de som arbeider ved Bokn Plast prosjektmedarbeidere som skal arbeide så lenge de ekstraordinære prosjektene varer. Andre er innleide for begrenset tid. Bemanningsøkningen er kommet både i produksjonen og innen administrasjonen.

Da Bokn Plast tidligere søkte etter mer bemanning til faste stillinger, var det et stort antall søkere, både fra Bokn og fra distriktet ellers. Helge Rasmussen sier at bedriften har sett at det er mest realistisk å tilsette



Det nye industriområdet til Bokn Plast ligger til venstre i bildet. Det skal bygges kai for større båter som kan hente produserte enheter. Beskyttelsesstrukturene som nå er produsert og ligger lagret på området til Bokn Plast er ganske store i omfang.

Mange og store oppdrag

Bokn Plast har den siste tiden hatt stor utvidelse av arbeidsstokken for å ta unna de mange prosjektene som har meldt seg. De ventet lenge på flere anbud som var levert, og da de først kom, var det så mange og store prosjekt som skulle ferdigstilles på kort tid at de måtte avertere etter mer folk både i produksjonen og til administrative oppgaver.

For tiden arbeider bedriften med en serie på 15-20 beskyttelsesstrukturer til Mikkelfeltet som ligger utenfor Nord-Trøndelag. Dette er beskyttelsesstrukturer i glassfiber som blir plassert over oljeinstallasjoner på havbunnen til beskyttelse for fisket. Videre har de oppdrag til Vigdis Extension på 25-30 mindre strukturer, og 20-30 mindre og noen større strukturer til Skirne-Bygde feltet.

Nylig fikk de også et oppdrag til Fram Vest på 5-6 større strukturer.

Dobbelt mannskap

I fjor på disse tider hadde Bokn Plast til sammen noen og tjue medarbeidere. I dag når de arbeider med oppdrag for Mikkelfeltet er antallet medarbeidere doblet, og dette vil vare ved inntil de største toppene er over. Daglig leder Helge Rasmussen sier han er optimistisk

folk som ikke har altfor lang pendling. Antall pendlere i bedriften som kommer utenfra har økt i det siste, men majoriteten av de fast ansatte bor likevel her i kommunen. Med det store behovet Bokn Plast hadde for arbeidskraft, var det vanskelig å finne tilstrekkelig mange herfra på kort tid som tilfredsstilte de kravene bedriften hadde til kompetanse.

Rekordstor leveranse

Den store leveransen Bokn Plast nå har til Mikkelfeltet, er den største som er levert i glassfiberleveranser til ett felt til nå i størrelse og kompleksitet og med levering i løpet av 1/2 år. Den består av 120 tonn deksler på 4 mnd.

I tillegg kommer 180 tonn i de andre prosjektene.

Konkurranse

Bokn Plast er ikke den eneste leverandøren av strukturer til beskyttelse av oljeinstallasjoner på havbunnen. Det er i alle fall 3-4 andre, hvor ABB i Hyen er den mest seriøse. Denne bedriften har tidligere hatt de største leveransene innenfor dette feltet. Men i det siste har Bokn Plast fått det meste. Hvor lenge dette vil vare ved, er usikkert, men daglig leder Helge Rasmussen sier han er optimistisk med tanke på framtida.



Konstruksjonene til oljeindustrien er relativt stor, og viser godt igjen rundt Bokn Plast i Føresvik.


Tidligere har septiktanker dominert produksjonen ved Bokn Plast. Bedriften har opprettholdt tankproduksjonen parallelt med de andre store oppdragene. De siste 10 år har det vært en fin vekst i tankproduksjonen.

Godt samarbeid med kommunen


Helge Rasmussen sier til Bygdabladet at bedriften har et åpent og godt samarbeid med Bokn kommune. Det har vært usedvanlig viktig for Bokn Plast at kommunen både har utvist handlekraft og vært raske med tilrettelegging.

Vanskelige tider for industrien

I disse tider er det ikke akkurat helt dagligdags at bedrifter ansetter mer folk og har så lyse utsikter som Bokn Plast. En er oppmerksom på at det kan komme tilbakeslag, men Bokn Plast har gjennom mange år hatt en jevn og stabil produksjon, og har vært en trygg og sikker arbeidsplass. Tida vil vise om den økende ordretilgangen og dermed flere faste arbeidsplasser vil bli et varig fenomen.



SKULEN INFORMERER



Skulekontoret, 52 75 25 69 kl. 08.25 - 12.25
alle skuledagar med unntak av fredagane.

Val til SU

Samarbeidsutvalet hadde møte 30.01.03. Espen Alvestad blei valt til leiar av SU og Per Helge Sunde til nestleiar.

Deltaking i Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd i skulen

SU har vedteke at skulen skulle søkje om deltaking i "Olweus-opplegget" frå hausten av. Søknaden er sendt.

Spørsmål til klassekontaktane om 17. mai

Formannskapet, ved ordførar Svein Ove Alvestad, spør om klassekontaktane kan lage til leikar til 17. mai i år? Klassekontaktane må i så fall hugse å kjøpe inn premiane dei treng til leikane.

Maiblomst

9. kl. vil selje maiblomst til 17. mai. Ta vel i mot dei. Klassen er interessert i å ta dugnadsarbeid, til inntekt for klassetur.

10. klasse, eksamen og avslutning

Torsdag 15. mai: Opplysning om trekkfag. Eksamensdagar skriftlege fag:

Måndag 19.05.: Norsk (langsvar)

Torsdag 22. mai: Norsk, matematikk, engelsk.

Dersom 10. klasse kjem opp til munnleg eksamen, blir eksamensdagen 12. juni.

Avslutningsfesten for 10. klasse blir sannsynlegvis torsdag 19. juni.

Bufellesskapa på Bokn, avtale med Fylket om skuletilbodet


Bokn skule har dei siste åra hatt eit tett samarbeid med Bufellesskapa, og dette samarbeidet har alltid vore godt. Men det har ikkje vore like lett å samarbeide med dei som avgjer kven som skal vere så heldige å få kome til Bufellesskapa og Bokn skule.

Det manglande samarbeidet har i fleire tilfelle ført til dårlege løysingar, med dei ulemper det medfører for alle paratar. Dette har vore ein situasjon som har vore svært vanskeleg å handtere for Bokn skule.

Me skal ikkje her ta opp alt som har skjedd dei siste åra, og alt som har vore gjort for å få til betre samarbeid, men me har heile tida hevda at dette må regulast gjennom ein avtale mellom Bokn kommune og Rogaland fylkeskommune.

Og det er ein slik avtale Bokn kommune no endeleg har fått. Avtalen sikrar mange arbeidsplassar og kontinuitet i arbeidet.

Det viktigaste med avtalen er likevel at det no er leiinga ved Bokn skule som avgjer kva klassar som eventuelt kan ta i mot nye elevar frå Bufellesskapa, som dei vil besøkje ut frå egne interesser.



Ikkje storsalg av rusbrus i Bokn

Reidar Alvestad

Frå januar i år kom rusbrusen i butikkane. I dei to butikkane på Bokn rusbrusen i slutten av januar.

Store oppslag

Elles i landet ser det ut som at salget av rusbrus har auka kolasalt. I fjernsyn og andre media har det vore reportasjar om at det særleg er jenter over 18 år som nå nyttar seg av det nye rusdrikkebillet som er kome i butikkhyllene. I og med at butikkane nå har fått rusbrus i hyllene sine, er drikken blitt mykje meir tilgjengeleg. Tidlegare var det berre Vinmonopolet som hadde rusbrus. Nå fins han i dei fleste butikkane som frå før hadde salgsøyve for øl. I tillegg er også aldersgrensa senka frå 20 til 18 år ved salg og skjenking av ferdigblanda brennevin med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent. Dette inneber at fleire unge vil få tilgang på slike produkt.

EFTA-dom

Dei nye reglane om salg og skjenking av vin og brennevin med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent (også kalt rusbrus) fekk verknad frå 1. januar i år. Reglane er eit resultat av EFTA-domstolens dom om likebehandling av drikkar med lågare alkoholinnhald enn 4,76 volumprosent.

Ikkje stor-salg på Bokn

Bygdabladet har vore i kontakt med Alvestad-kroken Landhandel og Coop Bokn i Føresvik for å høyra korleis rusbrusen er blitt mottatt her.

Siv Overå ved Alvestad-kroken Landhandel seier at dei ikkje har hatt noko storsalg av rusbrus. Litt har det gått, men ikkje slik at det på nokon måte har "tatt av". Det er ofte folk som elles kjøper øl som prøver rusbrus. Faktisk hadde dei ikkje rusbrus inne i butikken då Bygdabladet var der ein dag i midten av mars, men dei hadde bestilt nytt. I Alvestadkroken landhandel har dei eit større kjøleskap kor dei stort sett har samla alt øl og rusbrus.

Siv Overå seier at aldersgrensekontrollen på salget er god. Dei kjenner dei fleste kundane, men er dei usikre, krev dei dokumentasjon på alder.



Frå dette skapet blir det selt øl og rusbrus i Alvestadkroken landhandel. Oppslag om aldersgrenser mv. ved sida av skapet.

Tilsvarande erfaringar ved Coop Bokn

Heller ikkje ved Coop Bokn i Føresvik har dei hatt noko stort rush på salg av rusbrus. Betjeninga ved kassane seier at det har gått litt, men ikkje spesielt til dei heilt unge. Det er stort sett dei same som kjøper øl som også kjøper rusbrus. Ofte folk som er godt vaksne. Det går alltid meir øl før helga når det er dans og liknande arrangement, og då går det også litt ekstra rusbrus. Totalt sett meiner dei at det er litt mindre ølsalg enn før, og at dette blir kompensert ved salg av rusbrus. Men rusbrus er dyrare enn øl.



Coop Bokn har øl og rusbrus samla på golvet t.h. og i egne hyller rett fram på bildet. Rusbrus står i tilknytning til der ølet er plassert. Også denne butikken har oppslag om reglar for ølsalg.

Ekstra nøye kontroll

Sosialministeren sende i slutten av desember i fjor eit brev til ordførarane i landet om nye alkoholpolitiske utfordringar for kommunane.

Brevet handla for ein stor del om kva utfordringar kommunane ville få ved at rusbrus vart tillate selt i daglegvarebutikkar som frå før hadde løyve til ølsalg.

Sosialministeren ba her kommunane vera ekstra på vakt med omsyn til at rusbrus ville bli lettare tilgjengeleg, og nemnde m.a. kontrollverksemda som eit middel til å få oversikt over at alt går etter gjeldande reglar.

Bokn kommune har leigd vaktsselskapet Securitas som foretar kontroll av salg og skjenking av alkohol i kommunen. Dei er gjort merksame på forholdet med rusbrus, og skal vera ekstra nøye på kontrollane når det gjeld å passa på at løyvehavarane held seg til reglane når det gjeld salg og servering av alkohol. Til nå har det ikkje kome fram noko klanderverdig ved dei kontrollane som har vore i første del av året.



Oppslag om salgsreglar er også godt synleg på Coop Bokn.

Bokn skule ikkje liv laga

Boknabarna blir tysværvågelevar

Jardar Havikbotn



Det går mot slutten for Bokn skule! Torsdag 20. mars fekk rådmannen brevet - vil Bokn kommune halda fram skuledrifta, må me betala gildet sjølve!

Ved å leggja Bokn skule til Tysværvåg skule, reknar Kommunaldepartementet med å spare over seks millionar kroner. Det ser på skulefusjoneringar som ein måte å spare på utan at det gir større negative konsekvensar og lar ikkje "vilkårleg dregne" kommunegrenser vera hindring. Førebels skal eit tjuetals småkommunar mista skulane sine, tiltak som sparar staten for over 100 millionar kroner. Som plaster på såret, får Bokn kommune overført 1,3 millionar kroner i frie midlar. Slik kan også dei annonserte nedskjeringane bli unngått.

Ekspedisjonssjef **Lars Haugsveen** i Kommunaldepartementet meiner dette er ei god løysing. Skuleklassane i Bokn er uforsvarleg små, ned mot tredjeparten av kva dei kan vera. Difor skal boknelevane overførast til Tysværvåg skule der den ledige kapasiteten er så stor at ein ikkje treng større ekstra ressursar. Også for skuleborna er det ein fordel å kunna gå inn i større miljø. Reint pedagogisk er klassane i Bokn for små.

Ein positiv tilleggseffekt heng saman med arbeidet for kommunefusjonering. Ved at boknarane går på skule på Tysværvåg, vil dei etter kvart få ein tysværidentitet. Også foreldra får ei tettare tilknytning til Tysvær, noko som svekkjar motviljen mot kommunesamanslåinga.

Hjå nokre i kommuneadministrasjonen har det vore kjent ei heil tid kva veg det bar. Dessverre har det ikkje vore råd å formidla dette vidare, sidan opplysningane ikkje før har vore offentlege. Bygdabladet har prata med rådmann, skulesjef og ordførar om dette.



Rådmann Jan Erik Nygård


Det er svært leitt å leggja ned ein så moderne og flott skule. Me har vore i kontakt med departementet om dette, men ein meiner der at det må vera råd å finna fram til alternativ bruk. Å halda fram drifta utan statstilskot, er utenkjeleg. Det vil føra til rasering av store delar av servicetilbod i bygda! Nå får me i staden 1,3 millionar kroner ekstra. Dei gjer at me tvert om kan styrka servicetiltaka på enkelte område.

Dessutan kan dei ledige lokala dra til seg ny aktivitet. Me har alt hatt fleire interessante kontaktar. Mellom anna er Høgskulen svært interessert i å bruka auditoriet. Vidare har Karmsund Folkemuseum signalisert interesse for å bruka gymnastikksalen som lagerlokale medan det har vore kontaktar med fleire verksemdar i regionen om tilrettelegging av ledige lokale til kontor. Kommunen har elles lagt ned mykje arbeid i å få Vinmonopolet til å etablere utsal her. I utgangspunktet meinte "Polet" at kommunen var i minste laget. Men sidan kommunen skulla stilla med eigne ressursar og sett i samanheng med den kommunika-

sjonsmessige utviklinga dei komande åra som gjer Bokn til ein meir sentral stad, har ein godt håp om å finna fram til ei positiv løysing.

Ordførar Svein Ove Alvestad

Dette var vondt for Bokn, særleg med omsyn til det omfattande arbeidet me har lagt ned for å utvikla skulen. Men det er viktig å tenkja forretningsmessig, det skjer tross alt ikkje særleg inntektsskapande produksjon på skulen. Ei samanslåing vil frigjera midlar som kjem både kommunen og staten til gode. Det kan også nemnast at oppdrettsnæringa har stor trong til gode kontorlokale. Såleis er det lufta tankar om å utvikla skulen til eit senter for oppdrettsnæringa på Vestlandet. Ikkje bare er her gode kontorfasilitetar, her er også godt tilrettelagt t.d. til seminarverksemd og annan fagleg utvikling av næringa. Og skulle det lukkast oss å lokka til oss eit polutsal, vil det trekkja til seg folk frå vide område. Når det gjeld pol, er ein særleg interessert i lokalet biblioteket brukar. Biblioteket må i så fall flytta tilbake til Boknatun. Men idrettslaget bør framleis kunna bruka gymnastikksal og dusjar.



Skulesjef Dag Halvorsen

Ut frå pedagogiske prinsipp er det ein fordel at elevane frå Bokn går inn i ein større eining. Tysværvåg skule har eit framifrå tilbod og ei overføring av elevar frå Bokn vil styrka tilbodet der yttarlegare. Nokre vil kanskje hevda at busstransporten kjem til å ta ein del av gevinsten. Då skal me hugsa at det også i dag er ein omfattande bussing med mykje ledig kapasitet. Det fører med seg at ekstrakostnadane til transport, faktisk blir marginale.

Den største ulempa etter mitt syn, er at me får oppløyst det framifrå lærarmiljøet ved Bokn skule. Men ved å fjerna mange deltidstillinga og vikariat i Tysvær, trur eg at dei fleste av lærarane i Bokn kan få seg ny jobb ved Tysværvåg skule.

Ei anna sak er at Bokn skule har stått fram som eit føredøme for skular over heile fylket. Det har kome tilreisande delegasjonar frå nært og fjernt. Frå ein slik vinkel er eg lite glad for kva som er skjedd. Men me får tid til omstilling, nedlegginga skjer fyrst frå hausten 2004.

Premiering av forslag

Me mistar skulen vår om halvanna år. Kommunen meiner likevel at boknarane må få høve til å uttala seg om korleis skulen kan brukast i tida framover. Seminarstad, kontorlokale for næringslivet, kulturhus eller forretningslokale? Det er mykje skulen kan brukast til!

Ordføraren oppmodar boknarane om å koma med framlegg anten til han sjølv eller til Servicetorget på Boknatun. Forslag som det blir noko av, blir premierte.

Med fokus på trafikktryggleiken

Jardar Havikbotn

Føresvikvegen blir forkjørsvog. Det går mot fartsdemparar i "Krogabakken", og Boknatunvegen er i søkelyset.

Vegen frå E39 til kaien i Førsvik er vedtatt å vera forkjørsvog. Kommunen ventar på at Statens Vegvesen skal setta opp skilt. Fleire har nok opplevd usikre situasjonar på denne vegen i samband med trafikk frå sidevegane, særleg i den såkalla "Hallvardskrossen" og ved avkjørselen ved Boknbergsvatnet.


I ei innstilling til Forvaltningsstyret 1. april foreslår teknisk sjef Hans Faye å laga fire, fem fartshumpar ned til Alvestadkroken. Bakgrunnen er sjølvstakt at dei fleste køyrer for fort i 30-sona. Høyringsinstansane Haugaland Bilag og Alvestadkroken Landhandel hadde heller ikkje merknader til trafikktryggingstiltaket på fylkesvegen.

- Det ser ut til å være det eneste som nytter for å få folk til å holde fartsgrensa, seier Hans Faye til Bygdabladet

Hans har også registrert merknader om at også Boknatunvegen, der fartsgrensa er 30, bør få demparar i vegen.

Ofta er det bebuarane langs vegane som køyrer for fort.


- Det gjelder vel for oss alle, avsluttar Hans.



Føresvikvegen, nederst tv., får skiltar til forkjørsvog. Det vil visa seg om "Krogabakken" og Boknatunvegen får fartsdemparar.

Held fram i Bokn

Reidar Alvestad



Olufsen Skipsservice sin Bokn-avdeling held til i det tidlegare Bokn mekaniske verksted på Alvestad.

Stille vinter

Mange trudde kanskje at Olufsen Skipsservice si

avdeling i Bokn vart nedlagd i fjor haust då aktiviteten stilna heilt av. Til slutt såg ein verken folk eller bilar på området.

Ein rask telefon til dagleg leiar Arne Olufsen ved Olufsen Skipsservice i Haugesund oppklarar det heile.

Det stemmer at dei 4 personane som arbeidde ved bedrifta si avdeling hausten 2002 vart overflytta til andre arbeidsoppgåver enn i Bokn. Men bedrifta Olufsen Skipsservice i Haugesund er i full drift med 30 tilsette, og dei har oppdrag både på avdelinga i Haugesund og andre stader, både her i landet og i utlandet. Dei som har hatt arbeidet sitt i Bokn har den seinare tida hatt arbeid i Haugesund og oppdrag andre stader i landet og i utlandet.

Tilbake til Bokn

Arne Olufsen seier at det ikkje er alle oppdrag som passar å utføra ved avdelinga i Bokn. Han ventar imidlertid at det vil koma etter kvart, og då vil arbeidstakarane også koma tilbake. Når arbeidet med T-sambandet kjem i gong, reknar han med at det kan bli oppdrag på maskinpark og liknande som passar å utføra på verkstaden i Bokn. Han reknar imidlertid med at arbeidsoppdrag til Bokn-avdelinga også vil koma før den tid. Utstyr og maskinar i Bokn-avdelinga står på plass som før og er klare til bruk.



Bokn Røde Kors informerer

Vassredningskurs på Bokn

Kjell Frode Lie

Det var i byrjinga av januar me i Bokn Røde Kors fekk ein kjekk telefon. Det såg ut til å la seg gjera å arrangera vassredningskurs på Bokn. No var det berre opp til oss på Bokn å leggja forholda til rette. Det første var å få lokale i boks. Det gjekk heldigvis bra. Sjøhuset var ledig. Det var og ein del andre ting som skulle på plass, men me er mange og når alle tek litt går det som ein draum. Sjølve det faglege stod andre korps på Haugalandet for. Tida fram mot kurset gjekk fort, og vips så var deltakarane der, 23 frå heile Rogaland, pluss 14 i staben.

Alle var spente på kva helga ville bringa. Nokre var usikre på om dei var på rett plass, andre måtte losast på rett veg. Alle venta i spenning på kva helga ville bringe. For at programmet var stramt er sikkert og visst. Det er mykje som er relatert til vassredning. Først gjekk me igjennom instruktørar og deltakarar som ein del av kursopninga. Av desse personane var det vel Eivind Mosbron som har lengst fartstid. Han har vore med sidan 1982 og arrangert slike kurs. Steinar Alvestad hadde og eit innlegg om Bokn i kursopninga.

Første leksjon var om vassberedskap generelt. Resten av kvelden gjekk med til eigen tryggleik. For å kunne laga sikringssele, måtte ein læra seg knutar og stikk.

Til kveldsmat fekk me servert heimelaga betasuppe. Ikkje fritt for at nokon og ein kvar blei døsen av så god kost. Dette såg ein tydeleg igjen etter siste leksjon. Det blei fort tyst blant dei 37 personane må ein sei. Alle låg på Sjøhuset, men kommunen hadde lånt oss barnehagen om det skulle bli for trangt. Etter ein betre frokost bar det av garde i buss til Aksdal. Der var det ut i bassenget. Her blei det trent på ilandføring av person, henting av dokke på 4 meters djup og anna relevant.

Vel tilbake på Bokn fekk me innføring i ulikt utstyr, og ulike søketypar. Etter nydeleg fiskesuppe, bar det ut i felt. No var det strandsøk som stod for tur. Veret var for øvrig heilt ypparleg. Her fekk alle sjå variert og utfordrande terreng langs sjøkanten. Ikkje alle hindringane var like lette å forsera på trygg måte. Men alle løyste oppgåvene på ein god og forsvarleg måte.

Vel inne fekk alle ei innføring i sjøkart. Litt å bita i blei det og. Som ein del i ein leiteaksjon er det ofte naturleg å bruka dykkarar. For å kunne kommunisera med dei under vatn, samt forstå farar og tryggleik, fekk alle ei innføring i ulike område rundt dette. Så var alle igjen klare for ei ny matøkt. Det blei servert kjøttkaker med alt som høyrer med. Alle som no hadde planar om å gå på dansen sank i saman i ein krok. Dei få som gjekk, kom tidleg heim. Det blei i etterkant rapportert om musestille natтеро, med unntak av eit sagbruk i øvre ytre leilighet.


Ny dag, nye oppgåver. Det var ikkje fritt for at enkelte var trøtte 07.00, men alle var topp motivert for ein ny lærerik dag. Etter ei lita teoriøkt, var det klart for praksis. No var det ut i båt for å ta flomålsøk. Alle fant dei markørane som var lagt ut på "havets bunn".

Båtvending



Veret stod oss bi i dag og. Til lunsj fekk me ovnsbakt laks. Etter matøkta bar det ut i sjøen. Her blei det trent på å snu gummibåten opp igjen etter ein velt. Her må ein alltid forutsjå det verst tenkelege. Her såg ein kor viktig samarbeid er. Alle måtte dra på likt om ein skulle lukkast. Samtidig med dette prøvde andre seg på å kommunisera med dykkarar. Etter øvinga var det tid for kursevaluering, utdeling av kursbevis og diverse informasjon. Blant dei som fekk kursbevis var det naturleg å ta med Sjøhuset og Alvestadkroken landhandel. Steinar og Ingebjørg med stab stod på heile helga for at alle skulle ha det bra. Tor Harald sørge for ei svært fleksibel opningstid for snopesjuke personar og bensintørste pøhengsmotorar.

Flomålsøk



Så var det berre å rydda opp alt utstyret, få båtane på land og ønska alle vel heim. Me på Bokn var trøtte, men glade og fornødde etter å ha fått kurset vel i hamn. Elles vil Bokn Røde Kors takka alle for velviljen me blei møtt med i samanheng med kurset. Det kan vel og røpast at ein ikkje skal sjå vekk frå at dette blir ein årleg seanse i og med at alt gjekk så bra.

KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringar blir utheva kvar gong -

APRIL

- 04. Filippinsk kveld på bedehuset kl. 19.00 - sjå eiga annonse**
06. BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00
06. Bokn sundagskule på Bedehuset kl. 10.30
06. Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00
06. Bingo kl. 16.00 arr. Bokn musikkorps
09. Kontaktmøte Bokn bedehus
11. ABR senter - Bokn bedehus kl. 19.30
12. Speidaren - Kampen om Vikingskipet
13. Samtalegudstjeneste kl. 19.00
17. Frelsesarmeen - Bokn bedehus
18. Gudstjeneste kl. 11.00
20. Gudstjeneste kl. 19.00
21. Eggkoking Ognøy kl. 13.00
24. Teater - Familiefestilling - Mannen som ønsket seg et eple, Auditoriet kl. 17.00
24. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
27. Konfirmasjonsgudstjenete kl. 11.00
28. Årsmøte i Bokn Næringsforum
30. Barnetime i auditoriet med Merete Alvestad kl. 17.00

MAI

02. Sjømannsmisjonen har basar på Bokn skule kl. 19.30
04. Bokn sundagskule på Bedehuset kl. 10.30
04. BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00
04. Gideon - Bokn bedehus
04. Vårslepp - Bokn idrettslag
11. NMS møte Bokn bedehus kl. 19.30

GYMSALTMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Bokn musikkorps	15.30 - 16.30	Oddrun Nilssen
	Fotball 11-12 år	16.30 - 18.00	Gunnar Bokneberg
	Bokn Musikkorps	20.00 - 22.00	Dagny Kjellesvik
Tys	Barnetrim Aerobic	16.15 - 17.00 21.00 - 22.30	Torny Rossebø June Kro
Ons	Fotball 8-9 år Badmington	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30	Arthur Trosnavåg Bufellessk. i Bokn
Tor	Bokn Musikkorps Volleyball, vaksne	17.00 - 19.00 20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad Atle Jøsang
Fre	Badmington Fotball	17.30 - 19.00 19.00 - 20.30	Bufellessk. i Bokn Gunnar Solberg

Leilighet til leie på Costa Blanca

Vi viser til vår annonse i Bokn Bygdablad nr. 1 2003 vedr. leilighet til leie i Spania.

Interesserte kan hente mer informasjon med bl.a. e-postadresse på vår hjemmeside på internett

<http://home.no.net/karinodd>

Kan også nås på tlf. **0034-61 79 48 923**

Hilsen Karin og Odd

17. Gudsteneste kl. 10.30
17. Dans arr. Bokn idrettslag/Bokn røde kors
22. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
23.-
25. Speidaren - Tur til Våghomen
23.-
25. BORK, Familieleir på Sandbekken
25. Gudstjeneste kl. 11.00
29. Frelsesarmeen - Bokn bedehus kl. 19.30

JUNI

01. BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00
01. Normisjon møte Bokn bedehus kl. 19.30
04. Bokn Sanitetsforening. Basar på Bokn Skule
08. Fellesgudstjeneste i Tysvær kyrkje kl. 11.00
15. NLM møte Bokn bedehus kl. 19.30
22. Friluftsgudstenestene i Loden kl. 11.00
23. Speidaren - Jonsokfeiring i Ognahaben
29. Bruamarsj arr. Bokn idrettslag

JULI

12. Marknadsdag i Alvestadkroken
12. Utedans arr. Bokn idrettslag/Bokn musikkorps

AUGUST

1. - 6. Speidaren på kanotur
9. "Ta sjansen" arr. Bokn Båtforening
17. BORK, Distanseritt på Ognøy
30. Dans på skulen - arr. Bokn Røde Kors

DESEMBER


- 07. Jul i Stallen på Håland**

Me gratulerer!

Bygdabladet ynskjer å ha ei gratulasjonspalte der me presenterer små og store jubilarar.

Send inn papirbilde eller digitalt bilde på e-post saman med ein liten tekst til

gratulerer@bygdabladet.no



Denne gong presenterer me Bjørn Tore Øybakken Øvrebø. Han blei født 16. januar i år, og foreldra er Monica Øybakken og Bjørn Erik Øvrebø.

Frå barnemunn

Fredrik, 9 år:

En misjonær er en mann med hatt og koffert som leser Bibelen i dørsprekken til folk.

Ingrid Marie 7 år:

Man kan bli frelst eller helfrelst, det kommer an på hva man gidder.

Vårblomsten

Den første blomst om våren er helst gul-kvit eller blå
Ser du på markå om våren kan du sjølv la auga ditt sjå

Di brese seg lokke og lyge vise seg fram som best di kan
Besøket det går eller fyge og finne veien gjennom strå stein og sand

Di har'kje så møye å by på men dele det litla di har
Di komme fram adle små kryp på lytt etter snus inn og vær var

Er du heldig med dagen og solå så vidt har stått opp
Stopp opp og legg deg på magen de kan lokta meir enn ein rosenknopp

Med regnet går våren i dvale og blomsten igjen til ein knopp
Då må sjølv ei stor erle søke ly og varme til sin kropp

Di vokse seg ikkje så store men e høge nok for de små
Så tenk litt på ka du gjorde når du gjekk og syntes veien var grå

Kjetil Hamre

Nattcup i volleyball

Tove A. Hognaland

Me var ein gjeng som var på nattcup i volleyball så tenkte eg me kunne skriva litt om det i bygdabladet, me gjorde det ganske bra til å berre vera ein gjeng "hobby"-spelarar som samlast torsdag kveldane til volleyball!!

Lørdag 15 februar var det nattcup i volleyball i idrettshallen i Tysværtunet. Det begynte kl 19.00 med volleyball-kampar og då gjekk det to kampar parallellt heile tia fram til kl. 01.15. Då begynte kvartfinalen, semifinalen og til slutt ca. kl.02.00 gjekk finalen.

Totalt var me 22 lag som var med, me har stillt med boknalag dei tri siste åra, og har hatt det kjempekjekt kvert år. Me spelte fire kampar, der me vann tri og tapte ein kamp, det gjorde at me var eit av åtte lag som gjekk vidare til kvartfinalen.

I kvartfinalen spela me mot "Straumagjengen" som vann overlegent!, dei gjekk då til finalen og vann cup'en.



Fornøgd gjeng: bak fv. Bak fra venstre :Roger Jøsang, Gunnar Solberg, Trond Foss, Louis Medhaug
Framme fv. Sigrunn Hole Hosaas og Tove A. Hognaland

Det blei gjort ein god innsats av heile gjengen, som gjorde at me gjekk vidare til kvartfinale, og det var me fornøgd med!

Inngang til auditoriet

Jardar Havikbotn

Det skulle vera på sin plass å nemna kor ein skal gå for å koma til det nye auditoriet.

Det aukar på med arrangement i den flotte salen, og fleire blir det etterkvart som folk oppdagar kva rommet eignar seg til.

Ved mindre arrangement i regi av biblioteket skulle det vera plass nok til å henga av seg inne i biblioteket. Når det er større møte, konsertar, teater, forhåpentlegvis kino, osv. skal publikum gå inn i 2. etasje. Dette er inngangen til ungdomsskulen mot vest og det skal vera godt skilta.



Når du kjem inn er det knaggar og "stumtenarar" til høgre så ein kan henga av seg. Så er det berre å finna seg til rette blant nye stilfulle møbler før ein går inn i auditoriet.

Bygdekino

Fleire lesarar har med stor entusiasme spurt om når

dette kan koma i gong. "Bygdekinoen" er heilt klare, men det må gjerast praktiske tilretteleggingar dersom dette trivselstiltaket skal realiserast. Dette vil byggenemnda vurdera.

Meir informasjon seinare.

Karding og spinning i barnehagen

Reidar Alvestad



Interesserte barn ser på spinnaren: Frå v. Amalie og Erik Nilssen, Henriette Grottvik, Ingrid Hetland (Karens barnebarn), Karen Hetland ved rokken, Sander Jøsang, Fredrik Olaussen, Gabriel Hetland (Karens barnebarn) og Linn Sørvåg.

Tema om sau og ku

Sau og ku er for tida tema i barnehagen. På ulike måtar blir dette tatt opp slik at ungane skal få eit innblikk i ulike sider av dette. Gardsbesøk har alt vore foretatt, og seinare skal dei også sjå på lemninga som nå er like før.

Karding og spinning

Men kva skjer med ulla?

Sjølvsagt om foredling av ull ikkje foregår slik i dag som tidlegare, så er det jo ikkje så lenge sidan at karding og spinning gjekk føre seg på gardane. Ikkje lenger sidan enn at det fins bestemødre til nokre av dei som går i barnehagen som meistarar dette.

Ei av desse bestemødrene - Karen Hetland, kan kunsten både med å karda og spinna. Ho var så grei at ho tok ull, kardar og rokk med seg til barnehagen, og ein flokk ungar i alderen 3—6 år kunne sjølv fylgja med på korleis ulla kunne bli til fin tråd. Og ettersom hjulet på rokken sveiv, forma Karen ein fin tråd av ulla. Den ferdig karda ulla låg klar i tullar eller vinglar som Karen sjølv kalla det, før ho forma det gjennom hendene sine og det gjekk inn på snella som ferdig ulltråd.

Elisabet Taraldlien vil gjerne dela ei kakeoppskrift med lesarane av Bygdabladet. Samstundes håpar ho at fleire sender inn gode oppskrifter, mid-dagstriks, ymse kjerringråd, strikke- og hekleopp-skrifter, m.m.

Kaka plasserer ho i kategorien "skikkelig god", og oppskrifter har ho fått av Tove Hognaland.

Skikkelig god ostekake

Bruk en 26 cm form. (Sett ringen oppå det kakefa-tet du skal bruke, og klipp til bakepapir som du legger rundt inni ringen. Når kaken er ferdig stivnet, er det bare å ta vekk ringen og bakepapiret...så er den fer-dig!!!)

165 gr margarin

400 gr Digestive kjeks (original)

Knus kjeksene og smelt smøret, bland godt sam-men. Ha i form og la stivne i kjøleskap.

250 gr ost, bruk mandarin/ananas, smøreost (to pakker)

110 gr melis

1 ts vaniljesukker

1/3 l lettrømme

Bland dette sammen i en bolle for seg.


1/3 kremfløte, piskes og blandes forsiktig med det foregående.

1 pk sitrongele, bruk kun halv mengde vann. Lag til geleen, og bland i når den er "fingervarm". Hell over den stivnede kjeksene og sett kaldt igjen.

Du kan pynte kaken med gele på toppen! Ta da en ge-letype med en annen farge, gjerne jordbærgele. Bruk kun halv mengde vann på denne også, og hell over kaken når den er ferdig stivnet. La stivne igjen, og så har du en KNALLGOD kake til kaffen!!

Et tips: Bunnen blir ganske hard, så bruk kniv når du skal ha et stykke!!!

Håper den vil smake, vel bekomme!!



Frå barnemunn:

Hanne, 8 år:

Når man giftet seg i gamle dager, var det fordi staten sa det og presten mente det var best. I dag kan man slenge seg sammen med den ene sambo-eren etter den andre uten at staten så mye som letter på lokket.

Turid, 7 år:

Når man gifter seg, gir man hverandre et taus-hetsløfte. Hvis man ikke holder det, blir man skilt, og da må man dele på lampene og knivene, og som regel blir man ikke enige om hvem som skal ha barna. De som ikkeb blir enige om det, må gå til en børsmegler. Han bestemmer at den ene skal ha barna, så får heller den andre et spisebord ekstra.

Kulturprisen 2003

Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2003.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001

Stikkord for desse personane har vore *bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, ildsjeler og musikk.*

Nå har **du** sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.

Skriv eit brev til kulturkontoret og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/laget bør få kulturprisen.

Frist: 1. juli

Hundeeigarar, pass på!

Dette er uappetitteleg og uhygienisk med hundeskitt langs vegar og stiar!

Tenk t.d. på småungar langs vegen som vil ha seg ein smaksprøve, det er fleire variantar å velja mellom.

Mange hundeeigarar er flinke og tar opp desse

usmakelege spora etter kjæledyret sitt med ein gong, medan mange kan bli mykje flinkare. Skjerp dykk!

Hugs også båndtvangen, heile året.....




Bokn Historielag

Historielaget hadde medlemsmøte mandag den 24. mars. Me prøvde då å dela medlemmene inn i arbeidsgrupper etter interessa til den enkelte.

Det blei 4 grupper: Kulturhistorie, Kvinnehistorie, Fiske og Jordbruk. Medlemmene vil få tilsendt denne fordelinga.

Er det andre som vil vera med i eit spennande miljø, ver ikkje redd for å ta kontakt med ein av oss i styret.

Bokn Historielag



VELKOMMEN TIL BIBLIOTEKET

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG 09.00 – 13.30

ONSDAG 16.00 – 19.00

TORSDAG 09.00 – 13.30

TLF. 52 75 25 45

E-POST: lognoey@bokn.kommune.no

Søk i katalogen www.bokn.folkebibl.no

LESETIPS:

Ei god bok til påskeferien

Brekke, Bo:
Stjerne piken

Clansy, Tom: Rød kanin

Clark, Mary Higgins:
I gaten hvor du bor

Marklund, Lisa:
Prime time

Sparks, Nicholas:
Livets veier



Pynt til påske?


På biblioteket finn du idear til
påskepynt

**SMÅBARNSTREFF PÅ BIBLOTEKET
KVAR TORSDAG
FRÅ KL. 10.00 -12.00**



**EVENTYRTIME ONSDAG
30. APRIL KL. 17.00.**

DETTE BLIR DEN SISTE I VÅR!




**Forleng lånetiden
selv og få meldinger
som e-post!**

Se etter:



© BIBLIOTIL - produkt levert av BIBLIOTEK SYSTEM 2.1



**VELKOMMEN TIL
Å BRUKA
INTERNETT!**

**BIBLIOTEKET ER STENGT
TYSDAG 8. APRIL**


OG I TIDA 14. APRIL - 22. APRIL

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00


COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER



Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
- Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



A. OLUFSEN SKIPSSERVICE A.S

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordførar Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.komune.no
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
52 75 25 06 98 22 15 14	Ingeniør	Unni W W Høivik	uhoivik@bokn.kommune.no
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekodt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktssentralen		
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legeskontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn bibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Ellingsen	iellingsen@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Barnevernleiar Tysdag, og etter avtale	Eva Moi	eeikje@robin.no
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 69	Forkontor, skulen	Norunn Jordbrekk	njordbrekk@bokn.kommune.no
52 75 25 70 98 22 15 12	Seksjonssjef barnehage	Inger Grete Wiken	ingergrete@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegeskontor torsdag og fredag	Anita Knutsen	

Filippinsk kveld på bedehuset

fred. 4 april kl 1900.

Det blir film fra Søppelfjellet og Ungdom i Oppdrags arbeid på Filippinene.



Anne Marie Honningdal ("MammaMarie") fra Ålesund som har reist på hjelpearbeid i flere år kommer.

"Mamma-Marie"

Kari Hetland vil vise film og forteller om sine inntrykk fra turen i oktober.



Christina Bjordal

Sokneprest Arne Aurdal blir med.

Sang av Christina Bjordal.

To filipinske elever fra en skole i Haugesund blir med og lager til mat.

Anne Marie har med nydelige kjoler m/engelsk blondeforkle "Carl Larson" stil, størr. opptil 6 år, større størrelser kan bestilles. Inntekten til dette går i sin helhet til misjon.

Det blir anledning til å gi en gave til arbeidet.



BOKN KOMMUNE

Seksjon teknisk

Vikar renhold

Bokn kommune søker etter faste vikarer angående renhold på Bokn skole, Bokn barnehage og Boknatun.

Bokn kommune ønsker å få tak i personer som kan tenke seg å stille som renholdsvikar på kort varsel etter behov (ved sykdom o.l.).

Søknad sendes skriftlig til Bokn kommune, seksjon teknisk, 5561 BOKN innen 15. april 2003.

For spørsmål kontakt seksjon teknisk v/Unni W W Høivik, tlf 52 75 25 06/ mob: 98221514

Ferievikarer, renhold sommeren 2003

Ettersom sommeren nærmer seg, og våre faste renholdere i barnehagen og på Boknatun skal ha ferie, trenger vi ferievikarer.

Renhold barnehage, 5 uker

Renhold Boknatun, 6 uker

Søknad sendes skriftlig til Bokn kommune, seksjon teknisk, 5561 BOKN innen 15. april 2003.

For spørsmål kontakt seksjon teknisk v/Unni W W Høivik, tlf 52 75 25 06 mob: 98 22 15 14

NB!

- ✓ Nå er det lurt å spare i fond
- ✓ Stikk innom SpareBank 1
- ✓ Plasser penger i et ODIN-fond

Historien viser at langsiktig sparing i aksjefond har gitt bedre avkastning enn vanlig banksparing, selv om en kan oppleve store svingninger i aksjemarkedet. De fleste av oss har ikke anledning til å følge med i aksjemarkedet selv. Plasserer du penger i et ODIN-fond vil kunnskapen og erfaringen til ODINs forvaltere gi deg muligheter for en høy avkastning over tid. Mens forvalterne jobber for deg kan du planlegge hva du vil gjøre med den forventede meravkastningen som langsiktig sparing i aksjefond forventes å gi. Stikk innom SpareBank 1 i dag, så får du høre mer om hvordan du sparer i fond, og hvilke muligheter fondssparing gir. **Kjøp ODIN-fond av noen som kjenner deg.**

Stikk innom SR-Bank Bokn eller ring oss på telefon 02002- så forteller vi mer!

SpareBank 1

bank · fond · forsikring · eiendomsmegling



www.sr-bank.no





Vinterrideleir på Håland hos Laila og Andreas Nemeth


Kari Hetland

**Det snakkes om ungdom som er tiltaks-
løs og ikke kan finne på noe selv, men
det må være på større plasser, det.**

Her i Bokn har vi ein flott gjeng som kan og vil. Slik som Ungdomsgruppa i BORK, som på eget initiativ har arrangert "Vinterrideleir" siste helg i vinterferien sin. Her har ungdommen selv satt opp ansvarsliste over forskjellige praktiske oppgaver som må være på plass ved en slik leir. Med andre ord det er en handlekraftig gjeng som har ordna til "Vinterrideleir". De var 8 påmeldte hvor 1 av dem kom fra Tysvær.

Det var en glad gjeng som hadde funnet veien til Håland på fredagen. Her gikk praten livlig og brus, chips og ellers alt som hører med til en leir var på plass. De kunne fortelle at de skulle tidlig opp lørdag og fore hestene, så var det frokost. Klokken 10 var det ridetur fra Håland og til Kodlafjellet. De trente også på dressur for å ta grønt kort, og på Gymkana som består av to lag som skal konkurrere om diverse oppgaver. Dette kan være hinderløype og å være raskest til å ri for å få fatt i en kopp som er plassert et stykke unna. Ungdommene har også arbeidet med leire. Ungdomsgruppas eldste hadde laget spørsmål til de 8 som skulle være med. Disse svarte de på i løpet av leiren. Så her manglet det verken på kreativitet eller oppgaver.

Middagsmåltidene ble levert av foreldrene. Her var



Foringstid, fv.: Åse Øvrebø, Stig Andre Indergård, Hilberg Nemeth, Vegard Øvrebø, Lillian Nemeth (delvis skjult), Cecilie Odland, Audhild Sæbø og Charlotte Kjellesvik.

bestilling på både Pizza og Fajitas fra ridegjengen. Men ellers hadde de selv ansvaret for det andre som skulle foregå i helgen. Vi kan være stolte av den nye "ridende" generasjon boknarar!!

Ungdomsgruppen i BORK består av ungdommer fra 10 år. Fra 12 år kan de bli valgt inn i styret.



BOKN KOMMUNE SEKSJON SKULE

Innskriving av elevar i 1. kl. i Bokn, for skuleåret 2003/2004.

Velkommen til innskriving for 1. kl. 2003/2004 på Bokn skule fredag 25. april kl. 09.00.

Alle barn i Bokn som er fødte i 1997 eller før, og som ikkje har byrja i skulen, skal etter §2-1 i Opplæringslova skrivast inn.

Det kan innvilgast utsett skulestart med eitt år etter søknad frå foreldra/føresette. Likeeins er det høve til å søkje om framskoten skulestart med eitt år dersom barnet fyller 5 år innan 1. april 2003. Avgjerd om utsett eller framskoten skulestart skal takast etter sakkunnig vurdering frå PPT. Søknadsfrist for begge er 15. mai 2003.

Det vert sendt ut innbyding til kvar elev med fleire opplysningar om innskrivingsdagen.

Velkommen til Bokn skule!

Med helsing
Ingjerd Ellingsen
rektor

Slik såg det ut når fjorårets
1. kl. hadde skrive seg inn:

TØVLE REWATE
JOHN ELLING
SUVEN MCLAR
KAROLINE
KAROLINE
KAROLINE
KAROLINE
KAROLINE

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy

51 72 31 33

900 16 817



Likar du hest?

Har du lyst til å begynne å ri?

Da er du og familien din velkommen til Ognøy 1. søndagen i måneden – altså 2/2, 2/3, 6/4, 4/5 og 1/6, kl 14.00 til 16.00.

Det blir ridning m/instruksjon på bane for nybegynner barn/voksen, Kr. 30,- pr. time.

Mulighet for å ta en ridetur rundt Ognøy for dei som ønsker det GRATIS!!!

I vår oppvarmte brakke kan de som ønsker det få kjøpt kaker, kaffe/brus.

Har du hest så må du gjerne ta den med.

Ta med deg ein hestevonn og kom!



Bursdagsfeiring på Ognøy

Kan du tenke deg en ny vri på bursdagsselskapet?

Synest du det høres herlig ut at andre serverer pølser, baker sjokoladecake, rydder opp og aktiverer ungene med hesteridning, så er dette kanskje noe for deg.

Liker du idèen vår, ring til Gry på tlf. 52 74 86 03/ 99 15 66 82 for nærmere informasjon.

Pris kr 70,- pr. unge inklusiv alt unntatt godteposer.



Famileleir på Sandbekken 23. - 25. mai 2003

Vi arrangerer rideleir på Sandbekken for hele familien 23. -25. mai 2003.

Programmet er ikke helt klart ennå, men helga vil bli fylt av aktiviteter for både store og små.

Pris: Medl.familie kr 550,- (uansett antall)

Enkeltmedl. kr 150,-

Ikke medl. kr 200,-

Påmelding til Agnes, tlf. 52 74 86 29

Arskroen kafé & selskapslokale


Vi leverer smørbrød/kaker til enhver anledning.

Selskaps- og møtelokaler til leie, med eller uten servering, med eller uten bar.

Ta kontakt for tilbud.

*Søndagsmiddag
hver søndag.*

*Har du spørsmål,
kontakt Are 52 74 86 88*



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Kjekk frivillig oppgave for ein pensjonist eller andre med førarkort

Kjøkkenet på sjukestova lagar middag til folk på bygda som har behov for varm mat. Me gjer dette onsdagar og fredagar, og har 3 frivillige personar som tar kvar si veke. Me manglar imidlertid ein person til å ta den 4. veka.

Har du rundt 1 time til disposisjon kvar 4 onsdag/fredag, ta kontakt med Anny Kallekødt på sjukestova, tlf. 52 75 25 16.

Me gir kjøregodtgjering, men ikkje løn.

Hugs!


"Mannen som ønsket seg et eple"

med Skromlehjulet figurteater på skulen, auditoriet torsdag 24. april kl. 17.00.

Familieforestillinga passar for barn frå 3 år.

**Billettar, kr. 40,- i
Servicetorget frå 1.
april, og ved inn-
gangen. (Sjå s.**

**Obs! Begrensa
plass - det blir lagt
ut 89 billettar. Kjøp
billett på forhånd!**



Kulturmidlar 2003

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå driftsstyret. Dei som søkte i fjor får automatisk tilsendt søknadsskjema i posten i veke 15. Ev. andre søkjarar vil få søknadsskjema i Servicetorget, eller ved å kontakta Jardar på kulturkontoret.

Søknadsskjema kan du også få tilsendt som e-post.

Nye retningslinjer, vedtatt av Kommunestyret i sak 58 i fjor, vil i år fylgja søknadsskjemaet.

- Dei som søker for første gong kan få oppstartingsstønad. Storleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2002 og budsjett for 2003 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.
- Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakt inn i budsjettet for 2003, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

Dette er krav som driftsstyret stiller, og som må oppfyllest for å få stønad.

Nytt i år er at kr. 10.000,- av potten skal gå til eit spesielt tiltak. Midlane går til den søkjaren som Driftsstyret meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konsertar og utstillingar, osv., eller større investeringar.

Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.

Kulturmidlane for 2003 blir fordelte i driftsstyremøte 10. juni.

Søknadsfrist: 9. mai

Rim og regler frå Dagsenteret

Her er igjen litt av det som er samla inn av gamle rim og regler av eldre på Dagsenteret:

*Når koen på båsen udi den kolde
vintertid meget monne svinge med
halen kan man udi den varme
sommertid sig meget tordenskræll
forvente.*

*Morgensur kjerring gjør frydefull kveld
og nattekulde.*

Bokn Arbeidarparti

Partiet hadde årsmøte 12.03.03. Dette er det nye styret:

Leiar	Arne Hosaas
Nestl.	Marie Faye
Sekretær	Ingjerd Thuestad
Kasserar	Svein Ivar Langhelle
Styremedl.	Laila Nemeth
Styremedl.	Birger Lindanger
Vararepr.	Bjørn Eirik Gundersen
Vararepr.	Arild Ognøy

Bokn Pensjonistforening

Foreninga hadde årsmøte 27.02.03 og styret er no samansett slik:

Leiar	Kari Elise Våge
Nestl.	Else Nilssen
Sekretær	Solveig Våga
Kasserar	Björg Alvestad
Styremedl.	Borgny Kro
1. vararepr.	Synnøve Alvestad
2. vararepr.	Møyfrid Vatnaland

Frilansjournalistikk og BB

Bokn Bygdablad har til saman berre 0,4 stillingar til disposisjon når me skal laga eit blad. Derfor er me avhengige av frivillige folk ute på bygda som gjer ein innsats for å få eit variert og interessant produkt. Me er glade for at me har desse medhjelparane!

Dei som nyttar seg av desse personane må hugsa på å ta kontakt med undertekna når det er ynskje om å få noko dekkja av Bygdabladet. Eg vil så ev. ta kontakt med frilansjournalistane, etter ei redaksjonell vurdering av innhaldet, og om me har ressurser til å dekkja det sjølv.

Dette må me gjera for å unngå rot og få ordna arbeidsforhold.

Eg vil presisera at dette ikkje gjeld lag, organisasjonar og private som sender/leverer inn tekst og bilder som er produsert på eige initiativ.

- redaktøren -

Kulturkveldar med tradisjonsmat

Ein del har lyst å vera med på prosjektet, men kunne godt tenka seg at kveldane (jmf. forrige bygdablad). starta til hausten.

Som kjent går det mot lysare tider og ulike vårsysler, og det er betre å samla mange om desse hendingane til hausten enn å ha ei lita gruppe nå om våren.

Bygdabladet kjem tilbake til prosjektet.

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.

Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekontoret kl. 09.00 - 14.00
Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30

For påmelding, tlf. 52 74 84 79

Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 - 14.30
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.

Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152

Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00

Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Dagsenteret på Boknatun er ope
kvar onsdag frå kl 10.00 - 14.00.

Alle over 70 år er hjertelig velkomne.

Påmelding, tlf. 52 74 83 09

Julianne Nilssen - aktivtør

Tørrhøy til salgs.

Tlf. 916 12 905

Per Helge

Ønsker å kjøpe den fyrste
Boknapletten som
besøktstjenesten gav ut
i 1991 av Boknasund Bru.

Ring Per Hognaland
tlf. 51 65 01 55

Spar strøm og få et bedre innemiljø!

Varmepumpe om vinteren tilbakefører
tre ganger tilført effekt.
Aircondition om sommeren.

ENERGI & KOMFORT

Tlf. 52 74 82 75 - 90 69 43 50
Privat 52 74 86 48

BOKN BYGDABlad



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for
innlevering av stoff er etter avtale med
redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året.
Eit abonnement kostar kr. 200,- pr. år, gratis
for bortebuande skuleelevar og studentar.

BYGDABladNEMND

Svein Ivar Langhelle

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: jardar@bygdabladet.no

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: reidar@bygdabladet.no

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: linda@bygdabladet.no

ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 500,-

Halvside kr. 300,-

Kvartside kr. 150,-

1/8 side kr. 100,-

Privatann. kr. 30,-

Fastann. etter avtale

www.bygdabladet.no

Stort forsidebilde

www.bygdabladet.no
er ein realitet 01.04.03



Bokn Historielag

Historielaget fekk eindel medlemmer på
startmøtet den 27. januar. Me tar hjerteleg
imot fleire som kan tenka seg å vera med.
Interesserte kan henvenda seg til Sigvart
Våga eller Annette Bokneberg.

Kontingenten for 2003 er 100 kr.

Fortsatt nærbutikk i Alvestadkroken

Jardar Havikbotn

Då Per Våge overtok Alvestadkroken Landhandel i Bokn 1. mars i år sikra han vidare drift av den populære nærbutikken.

19. mars var det offisiell opning med kaker, kaffe, brus og godt humør. Dei 20 første kundene fekk også ei rose kvar. Leidulf Stålesen frå Kjøpmannskjeden Haugaland var til stades og uttrykte glede over fortsatt drift av butikken, som er ein av 50 i same kjeden på Haugalandet.

Stamkunde Bjarne J. Våge var svært einig med Stålesen.

- Det hadde ikkje vore mykje liv i Alvestadkroken utan butikken, humrar 83 åringen som har handla her i heile 52 år.

Han hugsar godt at han som unge rodde over sundet frå Austre Bokn for å handla. Då sat kundane bortetter benken og venta på å bli ekspedert over disk. Det var dengong folk hadde god tid, då mykje lått og løye fylte krambua mellom alle spytteklusene av tobakksskrå.

Sjølvsbetjening, online-tipping og travle boknarar er innført for lenge sidan, men nærbutikken er likevel ein naturleg møteplass i "Krojen" på Bokn.

Siv Overå, som saman med sambuar Per Våge skal driva butikken, fortel til Bokn Bygdablad at dei ser fram til å halda liv i møteplassen på kaien. Med ei omsetning på kr. 14.000,- til 18.000,- i veka ser ho positivt på den framtidige butikkdirfta, og smiler lurt når spørsmålet om driftsforandringar med nye leigetakarar kjem opp.

- Me får sjå til sommaren.

Med seg på laget har ho to erfarne damer, Ingunn Våge og Marit Øvrebø. Førstnemnde har jobba på Austre Bokn Handelslag i 24 år. Laget slutta av 18. januar i år. Ho er mor til Per og hadde faktisk sommarjobb her i butikken for 35 år sidan. Halvanna månad etter at ho trudde butikkarriera var over tok altså sonen over krambua på andre sida av Boknasundet.

- Eg savna alle folka og er glad for å begynna igjen, smiler Ingunn frå kassa.

Marit Øvrebø, som saman med Tor Harald Alvestad



Glade i nærbutikken: fv. Hilde Skeie, Siv Overå m/jenta til Hilde, Bjarne J. Våge, Marit Øvrebø, Ingunn Våge, Ragnhild Trosnavåg og Sverre Trosnavåg.

dreiv butikken frå oktober 1998 til mars 2003, er inne i sitt 13. år ved butikken. Ho set også stor pris på at ho framleis kan jobba i forretninga, berre eit steinkast frå huset hennar.

Sjefen sjølv, Per Våge, var ikkje til stades denne dagen. Han er ikkje heilt ferdig med den gamle jobben sin enno, og vil byrja fullt i butikken i mai.

Så gjenstår det å sjå om den vesle jenta til Hilde Skeie får lov til å bli stamkunde i Alvestadkroken Landhandel når ho veks opp.

Lukke til!



Marit Øvrebø overleverer butikknøkkelene til Per Våge 10. mars.